

## ÅRSMELDING FOR BØMLO TUR OG SOGELAG 2014

BØMLO T/S STYRE I 2014: Leiar: Norvald Nytveit, nestleiar: Bernt Emil Vika, kasserar: Øyvind Monsen, sekretær: Nancy Helen Olsen, styremedlem: Ivar Barane og Ellen Vold

Laget har sidan førre årsmøte hatt 5 ordinære styremøte.

Turen til Bergeseidet skjærtorsdag, hadde 37 betalande i 2014. Netto fortjeneste var kr 2475. Dårleg ver skuldast lavt besøkstal.

Karinestova og Hilleborgstova er no ferdig bordkledd og malt. Husa er måla i ulike raudfargar, men vil i løpet av 2015 få same raudfarge.

Fridtun er klar for restaurering. Dette vart så vidt påbegynt i 2014, men vil ha større fokus i 2015. Det er søkt om økonomiske midlar til dette.

Det er ein del sopp på kledninga på Bergeshuset. Dette vert tatt tak i på vårparten. Det er sendt klage til leverandøren av malinga.

Det vart halde ope for publikum i Hilleborgstova og Fridtun under kystsogedagane.

Bømlo Tur og Sogelag kåra årets Ådning under kystsogedagane. Bjørn Lønning vart årets Ådning og vart premiært med t skjorte og plakett.

Laget har diskutert forslag om korleis få fleire ut på tur. Eit av forslaga er å laga ein trelavvo i Blåfjell (v/ idrettsbanen) samt refleksløype. Dette må leggjast fram for grunneigarar før me tek neste steg.

Det vart i 2014 planlagt ein turstikonkurranse. På kvar sti Bømlo T/S har er det no sett opp postkasse med registreringsbok og kodeord. Her gjeld det å samla kodeorda for å vera med i trekning av premiar.

Årsmøte i Hordaland Sogelag vert halde på Bømlo 14-15 Mars 2015. Bømlo Tur og Sogelag er arrangør og planlegg program.

Bømlo T/S har tidlegare samarbeida med andre lag om arrangement i bygdatunet.

Laget valde for ei tid tilbake å trekkja seg ut grunna lite inntekt.

Bernt Emil Vika representerte Sogelaget på bokmesse i Etne. Her vart Leidarsteidn og båtboka presenterte.

Bømlo T/S fekk i 2014 tilbod om å vera med å gi ut ei biletbok frå Søre Bømlo. Laget stilte seg positiv til dette og samarbeidet er godt i gong. Det er Bømlobok AS v/ Finn Bakke som er samarbeidspartner. Det er planlagt bokutgivelse i 2016.

Det vart arrangert tur til Lowestoft i England for nokre av styremedlemmene. Det var lagt opp til bl.a guiding ved skipsbyggeria der dei bygde kutterar som vart sende til Bømlo.

Økonomi- Laget fekk kr 60000 frå Vestenfjelske bykredits stiftelse, kr 30000 frå Eidesvik Invest, kr 25000 frå Haugesund Sparebank, kr 15000 frå ein anonym givar og kr 19000 frå Finnås Kraftlag. Øyvind har kjøpt rekneskapsprogram (kr 2000), og tek seg no av årsoppgjeret. Saldo ved årsskifte var ca kr 70000.

Laget har fått forespørsel om å eiga ein andel i ein informasjonsskjerm i bygdatunet. Me stiller oss positive til dette.

Leidarsteidn selde i 2014 for kr 57600, dvs ca 600 eksemplar.

Me har lyst å få til eit motivasjonsforedrag eller ein anna type foredrag i løpet av 2015. Idear har vore drøfta i 2014.

Trass kort varsel var mange representantar frå styret og dei ulike nemndene samla til juleavslutning 28/11- 2014.

3/4-2015

Nancy Helen Olsen